



Masfjorden kommune

Møtebok for Formannskapet

Møtedato: 22.10.2018
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 11:45 - 18:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

Sakliste

Saksnummer: Sakstittel:

071/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste	s. 03
072/2018	Godkjenning av møtebok	s. 04
073/2018	Økonomisk rapportering - 2. tertial 2018	s. 05
074/2018	Høyringsvar på forslag til endringar i LVK sine vedtekter og kontigentgrunnlag	s. 07
075/2018	Forvaltningsrevisjon – Kommunen som skuleeigar	s. 10
076/2018	Referatsak	s. 12

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		18/735

Saknr	Utval	Type	Dato
071/2018	Formannskapet	PS	22.10.2018

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Formannskapet - 071/2018

FS - behandling:

Det var merknader til at tidspunkt for møtet vart bestemt seint. Ordførar beklagte at det vart slik denne gongen.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		18/735

Saknr	Utval	Type	Dato
072/2018	Formannskapet	PS	22.10.2018

Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Formannskapet - 072/2018

FS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristian Moen	FE - 210	18/438

Saknr	Utval	Type	Dato
073/2018	Formannskapet	PS	22.10.2018
058/2018	Kommunestyret	PS	29.10.2018

Økonomisk rapportering - 2. tertial 2018

Vedlegg:

Journalposttittel

2 Tertial 2018 Rapport

Dato

19.09.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Skriv inn framlegg til vedtak her

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmannen skal ut frå budsjettforskrifta gjennom budsjettåret leggja fram rapportar for kommunestyret som syner utviklinga i inntekter og utgifter. Det skal rapporterast minimum to gongar pr år. I økonomireglementet for Masfjorden kommune går det fram at det skal rapporterast etter 1. og 2. tertial. I tillegg til dette skal rådmannen utan ugrunna opphald gje formannskapet viktig informasjon som kan ha innverknad på kommuneøkonomien på kort og lengre sikt.

Grunnlag for vedtak er omtala i vedlegg «Økonomisk rapportering 2. tertial 2018».

Uttale

Rekneskapskommentarar frå budsjettansvarlege

Vurdering

Driftsrekneskapa 2018 for Masfjorden kommune viser at det vil bli ein utfordrande avslutning på året for å nå målet om 1,75% netto driftsresultat. Vi har vært klar over at 2018 vil vera eit utfordrande år økonomisk. Det er fleire usikre forhold som vi veit vil påverke resultatet negativt. Skatteinngangen er usikker i forhold til budsjett. I Revidert nasjonalbudsjett er skatteinngangen justert ned til 1% auke grunna lågare lønsvækst. Korleis dette vil slå ut for Masfjorden kommune er usikkert.

Grunna feil i systemoppsett ved overgang ny databasa er arbeidsgjevar sin andel av pensjonskostnadane rundt 2,5 mill kr for låg i 2. tertial. Avsettinga av pensjonskostnader er retta opp

i septemberløna. Reguleringspremien frå KLP kjem til forfall i september med samla sum rundt 6,5 mill kr. Når vi tar omsyn til bruk av premiefond på pensjon, om lag 3,0 mill, vil netto utgift i denne samanheng bli 3,5 mill kr i utgifter. Foreløpige berekningar tilseier at sosiale utgifter i rekneskapen vil gå i balanse mot årsbudsjett.

I rekneskapen for 2. tertial er det inntektsført krav for ressurskrevjande brukarar, 2,97 mill kr, som gjeld 2017.

Av meirinntekter i rekneskapen ser prognosane ut til at sal av konsesjonskraft vil bli høgare enn budsjettet. Meirinntekt ut over budsjettet 5 mill kr er tenkt nytta til finansiering av utbygging av fiberkabel i Masfjorden.

Masfjorden kommune vil og få ei utbetaling frå Havbruksfondet i løpet av 2018.

Investeringsrekneskapen syner at det pr 2. tertial er prosjekt som er ferdigstilt og andre som ikkje er påbyrja. Masfjorden kommune har ikkje gjennomført låneopptak i 2018, og vil vente med låneopptaket til vi ser kva for prosjekt som vert starta opp i rekneskapsåret.

Masfjorden kommune har motteke 1,462 mill kr i spelemidlar som gjeld idrettsanlegget på Matre. Spelemidlane skal vere med å dekke kostnader som Masfjorden kommune har lagt ut for Bjørn West IL og Masfjord fotball.

Konklusjon

Formannskapet tek økonomisk rapportering til vitring, og eventuelle budsjettkorrigeringar vert innarbeid før saka går til kommunestyret

Formannskapet - 073/2018

FS - behandling:

Økonomisjef Kristian Moen møtte til denne saka og gjekk gjennom økonomisk rapport for 3.kvartal.

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

2.tertialrapport med oppdatering av tal for 3.kvartal vert tatt til vitring.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

2.tertialrapport med oppdatering av tal for 3.kvartal vert tatt til vitring.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	TI - &13	18/729

Saknr	Utval	Type	Dato
074/2018	Formannskapet	PS	22.10.2018
060/2018	Kommunestyret	PS	29.10.2018

Høyringsvar på forslag til endringar i LVK sine vedtekter og kontigentgrunnlag

Vedlegg:

Journalposttittel
Høyringsnotat

Dato
17.10.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til forslaga til endring av LVK sine vedtekter og kontigentgrunnlaget, og at desse endringane vert lagt fram for endeleg godkjenning under ekstraordinært landsmøte mai 2019, med verknad frå 1.1.2020.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Landsstyret i LVK behandlet på somtermøtet 2018 vedlagte høyringsnotat om LVKs vedtekter og kontigentgrunnlag. Det ble besluttet å sende notatet på høring til medlemskommunene. De forslag til endringar i vedtektene og kontigentgrunnlag som presenteres i notatet vil bli behandlet på LVKs ekstraordinære landsmøte 22. mai 2019.

Høyringsfristen settes til 12. november 2018.

Landsstyret imøteser medlemskommunenes syn på de foreslåtte endringene i vedtekter og kontigentgrunnlag. Det anmodes om at høyringsnotatet behandles internt i kommunen.

Høyring

Høyringsnotatet følgjer som saksvedlegg

Uttale

Tek sikte på at formannskapet, evt. kommunestyret utarbeidar eit endeleg høyringsvar innan høyringsfristen.

Fakta

Viser til høyringsnotatet når det gjeld vedtektsendringane, sjølve oppsummeringa er tatt inn under;

Vedtektene opererer med **landsdeler** for medlemmer av Arbeidsutvalget og Valgkomiteen. Landsstyret foreslår å endre landsinndelingen i nye vedtekter § 2 i tråd med Stortingets arbeid, slik at landsdelene defineres slik:

- Nordafjelske: Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark
- Østafjelske: Innlandet, Viken, Vestfold og Telemark
- Vestafjelske: Agder, Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal

I dag består **landsstyret** av 16 medlemmer fra hvert av de 16 fylkene som har LVK-kommuner, i tillegg til leder. Hvert kjønn skal være representert med 40 % og det skal være partipolitisk bredde. Det foreslås i § 6.1 at landsstyret heller skal bestå av to representanter (én mann og én kvinne) fra hvert av de 10 LVK-fylkene, dvs. fylker som har LVK-kommuner. Landsstyret vil etter dette bestå av 20 representanter samt leder. Landsstyret skal fremdeles representere partipolitisk bredde. Man foreslår å fjerne ordning med personlig vara, og innfører i stedet vararekke for hvert fylke, i prioritert rekkefølge.

For **Arbeidsutvalget** foreslås det å innføre personlig varamedlem for de tre medlemmene fra Nordafjelske, Østafjelske og Vestafjelske, se § 9.1.

For **Valgkomiteen** foreslås det å beholde komiteens koordinerende rolle. Dette for å sikre den politiske bredden i landsstyret.

Forslag til endringar i kontingentgrunnlaget inneber ein kontingentauke med om lag kr. 20.000 for Masfjorden sin del, basert på følgjande føresetnader;

Oversikt over Masfjorden kommunes kontingent med gammel og ny modell

Gammel modell

Konsesjonsavgift 2017	Naturresskatt 2017	Gjennomsnitt eiendomsskatt 2015 -2017	Beregnet konsesjonsavgift (1,3 %)	Beregnet naturressurs-skatt (1,1 %)	Beregnet eiendoms-skatt (0,07 %)	Kontingent opprinnelig modell
2832869	11307835	20782242	36827	49754	14548	101129

Ny modell

Konsesjonsavgift 2017	Naturressurs-skatt 2017	Gjennomsnitt eiendomsskatt 2015 -2017	NY Beregnet konsesjonsavgift (1,5 %)	NY Beregnet naturressurs-skatt (1,3 %)	NY Beregnet eiendoms-skatt (0.09%)	NY Beregnet kontingent
2832869	11307835	20782242	42493	58801	18704	119998

Konklusjon

Masfjorden kommune sluttar seg til forslaga til endring av vedtekter og kontigentgrunnlaget

Formannskapet - 074/2018

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til forslaga til endring av LVK sine vedtekter og kontigentgrunnlaget, og at desse endringane vert lagt fram for endeleg godkjenning under ekstraordinært landsmøte mai 2019, med verknad frå 1.1.2020.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 217	18/731

Saknr	Utval	Type	Dato
075/2018	Formannskapet	PS	22.10.2018
057/2018	Kommunestyret	PS	29.10.2018

Forvaltningsrevisjon – Kommunen som skuleeigar

Vedlegg:

Journalposttittel

Forvaltningsrevisjon - Kommunen som skuleeigar

Dato

18.10.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.
- Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten ved å føreta ein intern gjennomgang av rapporten og tilrådte tiltak i skulesektoren og gjennomfører naudsynlege tiltak for å etablere rutinar og system for å lukke avvik som framkjem i rapporten.
- Innan 1. mars 2019 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kommunestyret om korleis tilrådingane i rapporten vert/skal følgjast opp.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Forvaltningsprosjektet *Kommunen som skuleeigar* er utført på bakgrunn av kontrollutvalet si bestilling i møte 12.09.2016, sak 19/16, oppdatert bestilling i møte 14.12.2016 sak 35/16 og endring vedteken i møte. 17.10.2017, sak 21/17.

Høyring

Uttale og vedtak fatta av kontrollutvalet

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kontrollutvalet rår til at rådmannen føl opp forvaltningsrapporten ved å føreta ein intern gjennomgang i skulesektoren av tilrådte tiltak og gjennomfører naudsynlege tiltak for å etablere rutinar og system for å lukke avvik som framkjem i rapporten.

Kontrollutvalet rår til at forvaltningsrevisor vert invitert til neste kommunestyremøte for å orientere om rapporten inkludert kapittel 5.

Fakta

Viser til saksvedlegga;

1. Forvaltningsrevisjonsrapport, Kommunen som skuleeigar, Masfjorden kommune 2018, Nordhordland Revisjon IKS, 20.09.2018, Offentleg versjon
2. og særutskrift frå møte i kontrollutvalet 16.10.2018

Konklusjon/tilråding frå kontrollutvalet 16.10.2018;

- Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.
 - Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten ved å føreta ein intern gjennomgang av rapporten og tilrådde tiltak i skulesektoren og gjennomfører naudsynlege tiltak for å etablere rutinar og system for å lukke avvik som framkjem i rapporten.
- Innan 1. mars 2019 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kommunestyret om korleis tilrådingane i rapporten vert/skal følgjast opp.

Formannskapet - 075/2018

FS - behandling:

Forvaltningsrevisor Dag Inge Bøe møtte til denne saka og orienterte om rapporten.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

- **Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.**
 - **Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten ved å føreta ein intern gjennomgang av rapporten og tilrådde tiltak i skulesektoren og gjennomfører naudsynlege tiltak for å etablere rutinar og system for å lukke avvik som framkjem i rapporten.**
 - **Innan 1. mars 2019 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kommunestyret om korleis tilrådingane i rapporten vert/skal følgjast opp.**

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		18/735

Saknr	Utval	Type	Dato
076/2018	Formannskapet	PS	22.10.2018

Referatsak

Tilknytte dokument:

1. Innspel til kommuneplan
2. Invitasjon frå Austrheim Vidaregåande Skule
3. Invitasjon frå Knarvik Vidaregåande Skule
4. Konferanse Styrkeløft for yrkesfaga
5. Mogelege kutt i rutetilbod Fjon - M
6. Søknad om støtte 2018 - Voksne for Barn
7. Utbetaling spelemidlar 2018 anleggsnr 39066 Matre idrettsanlegg kunstgras fotball - Masfjorden kommune
8. Utbetaling spelemidlar 2018 Matre idrettsanlegg kunstdekk løpebane 70979 - Masfjorden kommune
9. Utlysning Gründerprisen 2019
10. Særutskrift av møteboka for Frøyset sokneråd
11. Klage på kommunestyrevedtak 050/2018
12. Skjønnstilskudd 2019
14. Oversendelse av klager til OED
15. Statsbudsjettet 2019 - kommuneopplegget
13. Nasjonal ramme for vindkraft på land - lokalt innspel frå Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Formannskapet - 076/2018

FS - behandling:

Referatsaker:

Skriv 1: Innspel til kommuneplan

Skriv 2: Invitasjon frå Austrheim Vidaregåande skule

Skriv 3: Invitasjon får Knarvik Vidaregåande skule

Skriv 4: Konferanse Styrkeløft for yrkesfaga

Skriv 5: Mogelege kutt i rutetilbod Fjon - M

Skriv 6: Søknad om støtte 2018 - Voksen for Barn

Skriv 7: Utbetaling spelemidlar 2018 anleggsnr 39066 Matre idrettsanlegg kustgras fotball - Masfjorden kommune

Skriv 8: Utbetaling spelemidlar 218 Matre idrettsanlegg kunstdekke løpebane 70979 - Masfjorden kommune

Skriv 9 Utlysing Gründerprisen 2019

Skriv 10: Særutskrift av møteboka for Frøyset sokneråd

Skriv 11: Klage på kommunestyrevedtak 050/2018

Skriv 12: Skjønnskudd 2019

Skriv 13: Nasjonal ramme for vindkraft på land - lokalt innspel frå Masfjorden kommune

Skriv 14: Oversendelse av klager til OED

Skriv 15: Statsbudsjettet 2019 - kommuneopplegget

Drøftingssaker:

- Budsjett 2019 / investeringsplan 2019-2022 m.a. etter statsbudsjett m.m
- Førebels status og tilbakemelding høyring skulestruktur
 - Oppvekstleiar Rita Ludvigsen orienterte. Planlagt politisk sak i desembermøtet.
- Frivillighetssentralen, orientering om kommunal repr. styre
 - Dagleg leiar i Masfjorden frivilligsentral Helga Ekehaug orienterte.
- NAV samarbeid - vertskommune
- Randkommunesamarbeid
- Kraft - kraftmelding
- Eigedomsskatt 2019
- Berinvest - status og vegen vidare

- Brannsjef Sigvald Kvinge orienterte.
- Masfjordsambandet - rentekompensasjon og prosess vidare
- Retningsliner for startlån
 - Planlagt politisk sak i desembermøtet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Rett utskrift frå møteboka frå formannskapet 22.10.18 vert vitna:

Karstein Totland
ordførar

Torill Torsvik Størkersen
varaordførar